



Bergen 2017 AS
Tollbodallmenningen 1 B
5004 BERGEN

Dato: 18.09.2015
Vår ref.: 2014/1636-10
Saksbehandlar: brispje
Dykkar ref.:

Tildeling av tilskot til prosjekt sykkel og folkehelse/sykkelvanar

Det vert vist til dykker søknad av 2. juli 2015 om tilskot til pilotprosjektet Alle barn sykler. Fylkesutvalet vedtok 27. august å tildele Bergen 2017 AS kr 200.000 til prosjektet *Alle barn sykler* for skuleåret 2015/2016.

Saksframlegget til møtet i Fylkesutvalet ligg ved.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
- *Link til brukarrettleiing*
<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettleiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2014/1636-10

Ressursnummer: 400006

Beløp: kr 200.000

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnat

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar skal gjennomføra rapportering, levera rekneskap samt medverka til kontroll som nemnt under.

- Tiltaket promoterast og gjennomførast som eit lokalt bidrag i markeringa av Friluftslivets år 2015.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylte, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta eller falla bort.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 1. juli 2016.

Rapporten skal minst innehalda desse punkta:

- Skildra gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peika på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informera om eventuell vidareføring.

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt, kan vedtaket om tildeling verta gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker.

Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykker arbeid med å skape ein aktiv sykkel kvar dag for folk i Hordaland!

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Sak 2014/1636-8 Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomiteen og fordeling av kr. 500.000 til prosjekt sykkel og folkehelse/sykkelvanar.